



Jostein Hauso – ny og optimistisk leiar av fotballgruppa. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**I fjor vår vart det på stutt varsel etablert ei nyfotballgruppe i Uskedalen og framfor ein ny sesong satsar den på ein ny giv. Ein sentral leveregel for den nye gruppa er at alle skal vera med og ha det gøy med fotballen. Det vart kraftig understreka av dei 10 som møtte fram til fotballpub i Dønhaugkjedlaren fredag kveld. Samkoma var meint som ein idédugnad og vart svært vellukka i så måte.**



Fotballpuben vart ein fulltreffar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Gruppa blir leia av Jostein Hauso medan Haldis Aakra er skrivar, Knut Johannes Ripel kasserar og Anita Simensen styremedlem. Det er sett saman ei banenemd som består av Knut Johannes Ripel, Lars Haugland, Svein Ove Bråtun, Jostein Hauso og Oddmund Soldal.

-Framfor den nye sesongen er det trong for to trenarar til fyrsteklassa og ein trenar til jentelag i andreklassa. Den siste kan gjerne vera ei jente. Vi vil freista å setta opp eit reint jentelag for dei yngste, oppsummerar leiar Hauso for uskedalen.no etter møtet.

Dei som no leiar gruppa presiserar at det heile tida har vore ei fotballgruppe i Uskedalen, men meiner at det bør skje noko med aktivitetsnivå og miljø. Det bør satsast på breiddefotball og dei unge må få lyst til å trena og heile tida kunne strekkja seg mot eit mål. Og eit mål kan til dømes vera deltaking i Norway Cup, der ein no tenkjer på 12-åringane.

I alt ein gjer er det også heilt vesentleg å trekkja med foreldra. Utan dei på laget oppnår ein ingenting, vart det understreka under fotballpuben.

Eit tema var dei to arenaene som gruppa disponerer – Heio og grusbana. Om Heio vart det sagt at dette er ei av dei finaste banene i distriktet og at det bør gjerast meir for å marknadsføra ho også som treningsarena for andre klubbar. Her kan ein tenkja seg opplevingspakkar med overnatting og også andre aktivitetar. Fiske kan her vera eit aktuelt stikkord.

Når det så gjeld grusbana fekk den også mange godord og det vart streka under at også den bør utnyttast meir – ikkje minst tidleg i sesongen før Heio er speleklar.

-Ein må ha vyar, men dei bør ikkje vera for store heller, seier Jostein Hauso.

- Vi må ikkje truga med nedleggjing av arenaer, men heller auka attraktiviteten ved å satsa på noko positivt, sa Odd Steinar Arnesen i Dønhaugkjedlaren.

Bjørn Olav Tveit gjekk inn for at styret skal laga ein aktivitetsplan der det framgår kva ein kan oppnå ved å spela fotball i Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen





Heio Cup – her med Bjørn Olav Tveit i funksjon som fotballpappa – blir ei sentral oppgåve også i år. (Foto: Ola Matti Mathisen)